

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voll

Emne: Skav

Bygdelag: Måndalen

Oppskr. av: Sigurd Vollset

Gard:

(adresse): Måndalen i Romsdal

G.nr.

Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko eiga røynsle.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
- Heimelsmann: Lars Venås, 80 år, Måndalen, pensjonist.

## SVAR

1

Ein har ikkje noko serleg fast namn (pánamn) på dei ymse slag hjelpefôr som ein brukar attåt høyet til krøtera. Dei to orda: hjelpefôr og naudfôr har noko vore brukte, men ikkje som dei einaste eller faste.

2

Noko samnamn for skav, beit og brom har ein ikkje her.

3

Namnordet skav bøyer ein såleis her:  
å skave, skjev, skov, hev skave, ha skave (pluskvamperfektum), vil (vel) skave, vil ha skave, ville (velde) skave, ville ha skave.

4

Det har vore nytta ein heil del skav her i bygda og. Vi kallar det skav. Vi reknar det ikkje som regulært forslag. Det har vore i bruk i vanskelege år. Men her finst og dei gardane som har brukt skav så å seia kvart år, - men ikkje i nokon større mon, berre lite. Før i tida var det meir ålment å bruka skav til krøtera. Då var det årvisst å rekna for.

5

Dei mest vanlege treslag som har vore brukte til skav, er rogn, selje og osp. Lind og alm er her ikkje noko av. Bartre har ikkje vore skave, heller ikkje bjørk, og sers sjeldan or. Beste treslaga som har vore brukte, er dei tre førstnemnde. Alm er betre, men dei få almane som har vakse her, har likså snart vore brukte til folkemat i tronge år. Det var berre på ein gard dei hadde så mykje alm at det vart almebork til krøtera.

6

Ordet skav har ikkje vore brukt om noko serleg treslag.

7.

Av rimet som er nemnt, har eg høyrte:

Almen gjø,  
rogna fø.

8.

Det var vanleg at berre kua fekk skav. Sauene fekk, og får, greiner av selje eller rogn inn i garden til seg og må skava sjølv. Slike greiner kallar ein gnag. Det er om våren ein brukar skav. Kyrne fekk skavet for seg sjølv. Det vart aldri blanda saman med høy. Slik er det no og. Skav av ör likar ikkje kyrne. Dei må vera sers svoltne skal dei eta det.

9

Mjølka voks når kyrne fekk skav. Og litt gulare blei ho og, - slik og med smøret. Men nokon stor skilnad vart det ikkje. Brukte ein mykje skav av rogn eller osp, vart det ein litt annan smak på mjølka.

10

Det var oftast slik at ein skov berre den veden som ein hadde heim til brenneved. Men i dei åra det var lite om for, gjekk karane eins ærend til skogs etter skavved. **Slik** er det no og. Men folk innrettar seg ikkje med bu-skapen såleis at dei må bruka skav årvisst. Det blir ikkje påsett meir enn dei kan fø fram med det høyet dei har i løa om hausten. Blir våren sers sein, brukar dei litt skav. Men ikkje mange gjer det. Storparten av bønderne brukar no aldri skav.

Sume skjev hesjeveden og nyttar det skavet til krøtera. Men dei fleste gjer det ikkje.

11

Ein har ikkje noko sers namn på det arbeidet å henta ved til å skava. Det blir sagt at ein er stad etter skavskog eller skavved. Men oftast seier ein at "han er stad etter skav" ("han e sta ette skav").

12.

Veden til dette blir altså kalla skav.

13.

Gjerningsordet å marka kjenner vi ikkje.

14.


Som før nemnt skov ein den veden ein hadde heim til å brenna. Det vart såleis om vinteren og tidleg på våren at skavveden vart heimkøyrd. Å henta slik ved var ikkje rekna for å vera verre enn anna arbeid i skog og mark. Eg har aldri høyrte gjete at karane laut til skogs på fastande hjarta langfredag og henta skav.

15.

Om vinteren skov ein inne i stova eller kjøkenet. Når våren var komen, og sola tok til å varma, sat ein og ute - i solveggen, eller i skotet.

16.


Det var helst tolekniven som vart brukt til å skava med. Men saman med den vart det brukt eit såkalla skjevle. Det var bøygt i halvrunding, og begge endane var feste i eit handtak av tre. Denne reiskapen var laga spesielt til dette bruk. Gamle ljåsbrot vart ikkje brukte - det folk veit om iallfall.



skjevle

17.

Når ein skjev til krøtera, er det vanleg å saga veden i høvelege vedlengder, 25-30 cm. Er kubbane grove, blir dei kløyvde før ein skjev dei, - så ein kan halda dei i handa. Elles hende det og at ein skov kubbane om dei var nokså grove - for grove til ved. Greiner som var så granne at ein ikkje brukte sag til å få dei av med, vart hogne med øks. Skulle lange stokkar skavast, vart dei lagde oppå to stokkendar eller to stabbar - ein i kvar ende - og fastgjorde med hakar. Til skavinga brukte dei då bandkniven. Han var heimesmidd, på lag 35 cm lang, med handtak i begge endar, som stod vinkelrett på kniven. Dei sat på skrevs oppå stokken, eller stod med eitt bein på kvar side, når dei skov. Nokor anna serleg innretning til å festa stokken eller kubben i når dei skov, hadde dei ikkje. Når dei skov hesjestaur, brukte dei skjevlet og sette eine enden av stauren mot jorda og heldt ~~og skavde~~ i han med venstre handa og skov med høgre.



Ein slik bandkniv brukte dei serleg til å smia band med (dvs. band til tunner, bytter, sår og stampar). Då sat dei i bandstolen.

18.

Nokor slik innretning tål å skava i som er nemnt i nr. 18, kjenner eg ikkje til at dei har brukt her i bygda.

19.

Fell vekk.

20.

Veden ein skov, vart kalla skavved.

21.

Det faste namn på borken var skav.

22.

Ein skov (og skjev) både tunne kjeppar og grøvre ved og stokkar, som nemnt. Vanleg lengd på skavved var på lag 25-30 cm. Før saga dei veden dobbelt så lang ofte. Men det var så ymse. Veden som skulle brennast i røyk-omnen - som var det vanlege her - måtte vera noko lang.

23.

Noko serleg namn på veden etter han var skaven, var ikkje brukt. Namnet skjevling har kanskje vore brukt. Namnet kubbe var - og er - vanleg brukt på tjukk ved både føre og etter skavinga. Dei andre namna som er nemnde i nr. 23, er ikkje kjende her.

24.

Skavet skulle ikkje vera for langt, - 3-6 cm var høveleg. Gamlekarane var nøgne på det med lengda. Det var lettare å få i seg for kua dersom det var stutt. Det var vanleg å skava inn til treet, men ikkje noko meir. Var borken tjukk, var det serleg om å gjera at sponane ikkje var for lange. - Eg har høyrte tale om sume som var serleg flinke til å skava. Dei brukte mest kniven.

4  
25.

Veden som er skaven, blir brukt som annan ved. Den stutte i stova og kjøkenet, og den lange til baksteved. Den tida dei hadde røykonn, vart den lange brukt i den og.

26.

Enno blir det brukt skav til for åt kyrne,- men ikkje årvisst, som før nemnt. Det er i vårknipa ein tyr til dette hjelpeforet,- og ikkje sers mange då heller. I det heile minkar det med skav-bruk.

1803

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING